

Ope brev til Lindås kommune

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR LONENA I KNARVIK – FNB ALVER SEIER NEI TIL ALL BUSTADBYGGING I DETTE OMRÅDET

Me i FNB Alver har fått inntrykk av at Lindås kommune prøver å pressa gjennom denne områdereguleringsplanen for Lonena og få endeleg vedtak FØR Alver kommune er etablert og i funksjon.

Dette meiner me er heilt urettvist avdi folk både frå Meland og Radøy nyttar denne natur-lunga til rekreasjon – difor bør folkevalde frå heile den nye storkommunen vera med på endeleg vedtak.

Lonena er i dag eit friområde / grøntstruktur / naturområde og slik bør det også vera i framtida ; er vårt syn. Det er mange som nyttar dette området : barnehagar , skular , utviklingshemma , rørslehemma og personar med sosial angst.

FNB Alver kjem til å røysta nei til all bustadbygging i dette området. Folket i Alver treng denne grøne lunga . Det er meir enn nok areal i denne stor-kommunen som høver framifrå godt til bustadbygging.

Med helsing

FNB Alver
Morten Klementsens
ordførarkandidat